

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

11.04.2013

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

tirsdag, 16.04.2013 kl. 16.05 i Rådhuskjellaren

SAKLISTE:

- Sak 09/13 - Godkjenning av møtebok frå møte 12. mars 2013
- « 10/13 - Saksbehandling vedkomande SeaWalk-prosjektet
- « 11/13 - Vedkomand kommunerekneskapen 2012
- « 12/13 - Oppfølging av KOM 156/12, VAR - vurdering
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
STRANDA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato 12.03. 2013 kl. 16.05
Møtestad: Rådhuskjellaren

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Randi Strand Overaa, Magnar Furset, Eva Rinde Habostad og Svein Kvaløy.

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen
Frå Stranda Kommune møtte konst. rådmann Kjartan Lied.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste. Magnar Furset etterlyste behandling av tidlegare ikkje avslutta saker. Det vart opplyst at slike saker ville bli handtert i møtet.

**SAK 01/13
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 30. OKTOBER 2012**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 30. oktober 2012 blir godkjent.

**SAK 02/13
ÅRSMELDING 2012 – STRANDA KONTROLLUTVAL**

Saksdokument datert 06.03.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det framlagte forslaget til årsmelding blir vedteke som årsmelding 2012 for Stranda kontrollutval.

SAK 03/13

STATUSRAPPORT FRÅ KOMMUNEREVISJONEN

Dagleg leiar, Kjetil Bjørnsen orienterte om den komande årsoppgjersrevisjonen. Rekneskapen er forsinka, men det er venta tidlegare rekneskapsavlegging enn tidlegare år. Rekneskapsresultatet er ikkje kjent. Han orienterte også om status for forvaltningsprosjektet om Stranda sentrum som var ei ekstrabestilling frå kommunestyret. I drøftingane om dette prosjektet kom det fram synspunkt på at ein prosjektrekneskap må leggast fram og at revisjonsprosjektet burde bli omdefinert. Magnar Furset nemnte at mange av problemstillingane i det prosjektet ville vere å finne igjen i ein VAR – revisjon, jf. tema i sak 06/13.

Med utgangspunkt i dei drøftingane som kom fatta kontrollutvalet følgjande samrøystes

vedtak:

1. Kontrollutvalet tek sikte på å omdefinere forvaltningsrevisjonsprosjektet om Stranda sentrum til revisjon av ein prosjektrekneskap.
2. Kommunerevisjonen avventar situasjonen til det ligg føre ein prosjektrekneskap.

SAK 04/13

SELSKAPSKONTROLL – OPPFØLGING AV VEDTAK I SAK 06/12, PUNKT 2

Saksdokument datert 06.03.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Utgangspunktet for dette punkt 2 er konklusjonane i selskapskontrollen for 2009 og påfølgjande vedtak knytt til denne. I 2011 hadde kontrollutvalet ei oppfølging av eigarskapskontrollen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

- 1) Med vising til konklusjonane i selskapskontrollen frå 2009 og dei vedtaka som er gjort i kommunestyret om igangsetting av tiltak i samsvar med rapporten (KOM-020/09), ber kontrollutvalet rådmannen om å gi arbeidet med kontroll av kommunens eigarinteresser tilstrekkeleg prioritet slik kommunestyret alt har vedtatt.
- 2) Konkret ber kontrollutvalet om at det blir sett i gang arbeid med å få utført desse prioriterte tiltaka:
 - a. Formalisere og betre informasjons- og rapporteringsrutinane mellom kommunen som eigar og det enkelte selskap
 - b. Plassere administrativt ansvar for eigarutøving
 - c. Rutinar/verkty for å vurdere selskapa sin løpande økonomiske status
 - d. Formalisert opplegg for løpande informasjon frå selskapa til eigar
 - e. Ta i bruk styrevervregisteret

- f. Årleg eigarmelding til kommunestyret
- g. Revisjon av eigarskapsmeldinga frå 2007

3) Kontrollutvalet ber om å bli løpande orientert om arbeidet med saka

SAK 05/13

FORVALTNINGSREVISJON –NÆRARE SPESIFISERING OG PRIORITERING UT I FRÅ PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2012 - 2016

Saksdokument datert 06.03.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

I drøftingane var hovudfokuset på skianlegget på Strandafjellet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det blir laga ei prosjektskisse for ein forvaltningsrevisjon av utbygginga i Hevsdalen i regi av Strandafjellet KF.

SAK 06/13

OPPFØLGING AV KOM 156/12 – VAR - VURDERING

Saksdokument datert 06.03.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til vedtak KOM 156/12 VAR vurdering, og ber kommunerevisjonen om å gå gjennom dokumentasjonen i saka.

Eva Rinde Habostad forlet møtet.

SAK 07/13

ORIENTERING OM REGELENDRINGAR

Saksdokument datert 06.03.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering. Reglementet for Stranda kontrollutval må bli ajourført i samsvar med regelendringane.

SAK 08/13
MØTEPLAN 1. HALVÅR 2013

Saksdokument datert 06.03.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Forutan det avvikla møtet 12. mars, er det lagt opp til møte 16. april og 21. mai.
Møtedato i juni blir å tilpasse eventuell rekneskapsbehandling.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Randi Strand Overaa
nestleiar
(sign.)

Magnar Furset
medlem
(sign.)

Eva Rinde Habostad
medlem
(sign.)

Svein Kvaløy
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 11.04.2013

**SAK 10/13
SAKSBEHANDLING VEDKOMANDE SEAWALK-PROSJEKTET**

Som vedlegg følger:

- Brev frå Frank Sve, Dag Bratseth og Ole Jørgen Sve datert 25.03.2013
- Hovuddokument sak 029/13 – Fast utval for plansaker
- Sak 67/13 – Miljø og kommunalteknikk
- Orienteringsak til kommunestyret 17.04.2013.
- Notat datert 05.04.2013 frå advokat Kvammen

1.0 Bakgrunn

Kontrollutvalet har mottoke brev datert 25.03.2013 frå kommunestyrerepresentantane Frank Sve, Dag Bratseth og Ole Jørgen Sve (Frp) vedkomande saksbehandling og behandlingsrutinar for SeaWalk-prosjektet i Geiranger. Parallelt med dette har dei same framsett lovlegkontroll på vedtaket i kommunen sitt faste utval for plansaker, PLA i møte 20.03.2013 i sak 029/13.

Ut i frå saka sin karakter og offentlege interesse vil kontrollutvalet gje ein uttale om saka. Samtidig presiserer ein at utvalet ikkje kan å gå inn på fylkesmannens kompetanseområde etter kommunelova sin § 59. Oppheving av vedtak ligg til fylkesmannen, og kontrollutvalet er i utgangspunktet ikkje klageorgan.

2.0 Utgangspunktet for saka

Saka gjeld eit tiltak som er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-1. Dersom tiltaket er i strid med kommuneplanens arealdel, reguleringsplan eller krav i lov eller forskrift, må tiltakshavar i tillegg søke dispensasjon. Det kan ikkje setjast i gang tiltak før søknaden eventuelt er imøtekomen. Søknad, prosjektering, utføring og kontroll av tiltak skal gjerast av føretak med ansvarsrett i samsvar med lovverket.

Kommunen har plikt til å vurdere om det skal gjevast løyve på bakgrunn av innsendt søknad. Lovverket set opp klare krav til saksbehandlinga.

3.0 Roller.

Lovverket set eit viktig skilje mellom utbyggjar/tiltakshavar og kommunen sine roller. Utbyggjar si rolle er som namnet tilseier knytt til utbygging og ansvar for bygget sin kvalitet. Kommunen si rolle er gjennomføring av saksbehandling og tilsyn.

Søknaden om dispensasjon skal vere underteikna av utbyggjar og søkjar, og skal gi dei opplysningane som er nødvendige for at kommunen skal kunne gi løyve til tiltaket.

4.0 Merknader til saksgangen

På eit tidleg stadium er det ei samanblanding av aktørar. Det er uklart kven som er tiltakshavar. Er det Stranda hamnevesen, Stranda kommune eller eit selskap under etablering med lokal forankring i Geiranger?

Kystverket seier i sin høyringsuttale at kommunen bør vurdere sitt mynde til behandling av dispensasjonen i relasjon til at kommunen også opptretr som søkjar.

Ved brev av 27.02.2013 har Hammerø & Storvik Prosjekt AS søkt om dispensasjon " i forbindelse med forestående byggesøknad".

Det går ikkje fram av søknaden kven firmaet representerer , men det er naturleg å legge til grunn at dette skjer på vegne av den som står bak den "forestående byggesøknad". Det vil i så fall seie tiltakshavar og søkjar.

Det som kan villeie noko er at det blir vist til pressemelding av same dato frå Stranda Hamnevesen KF der det heiter at "Stranda Hamnevesen har besluttet at det skal etableres en Sea Walk..... Byggingen av Sea Walk skal fullfinansieres av selskapet SeaWalk Geiranger AS..... Sea Walk representerer således ingen kostnader eller økonomisk risiko for Stranda Havmevesen eller Stranda Kommune....."

5.0 Krav til søknaden om dispensasjon

Ved vurdering av dispensasjon frå reguleringsplanen gjeld m.a.:

- at det er mottatt grunngitt søknad om dispensasjon (§ 19-1)
- nabovarslar skal ligge ved, men dette er ikkje nødvendig når dispensasjonssøknad blir fremja samtidig med søknad om løyve etter kapittel 20, eller når søknaden openbart ikkje vedkjem naboens interesser
- regionale og statlege styresmakter skal ha høve til å uttale seg innanfor sine saksfelt.
- innan visse grenser kan det settast vilkår for dispensasjonsvedtaket (§ 19-2)

6.0 Søknad om rammeløyve

Søknaden datert 05./13.03.2013 om rammeløyve er innsendt av Hammerø & Storvik Prosjekt AS som ansvarlig søkjar og SeaWalk Geiranger AS som tiltakshavar. Sistnemnde ser ikkje ut til å ha signert søknaden. Nabovarslar er utsendt 28.02.2013.

7.0 Mynde

Stranda Hamnevesen KF si rolle kan mistolkast som følgje av pressemeldinga. Dette må det kunne vere råd å rette opp. Det synest også gjort.

I brevet frå Frank Sve m. fl. er det uttrykt misnøye med at politiske organ ikkje har fått teke del i behandlinga av saka. Stranda hamnevesen KF er ingen eigen juridisk instans, men styret kan inngå avtalar som bind opp kommunen innanfor føretakets formål (koml. § 73). Denne "normalkompetansen" kan kommunestyret innskrenke. Det er ikkje gjort i Stranda kommune. Det er altså *ikkje* slik at kommunestyret i enkeltsaker treng å delegere mynde til føretaket, så lenge det ikkje er gitt avgrensingar i normalkompetansen. Dette er også i samsvar med praksis for delegasjon i kommunen.

Kontrollutvalet meiner derfor at framforhandlinga av signert avtale mellom Stranda hamnevesen og SeaWalk Geiranger er innanfor kompetanseområdet til styret i STHA. Utvalet legg då til grunn at avtalen ikkje bryt med vedtekter, økonomiplan, årsbudsjett og andre retningslinjer kommunestyret har fastsett (koml. § 67).

Om endeleg godkjenning i kommunestyret, sjå eige avsnitt.

8.0 Nærare om behandlinga av dispensasjonssøknaden i planutvalet (PLA)

Kontrollutvalet gir medhald i kritikken som kjem fram i brevet til utvalet når det gjeld forhold ved behandlinga i PLA 20.03.2013. Spesielt gjeld dette hasteinnkallinga til møtet, manglande konsensus for behandling av saka på så kort varsel, brot på kommunens møtereglement, vesentlege formelle feil ved søknadsdokumenta, uklare ansvarsforhold, manglande opplysingar om tiltakshavar.

Kontrollutvalet meiner at fleire av desse forholda kvar for seg burde føre til utsetting av saka.

9.0 Habilitet

I klaga på vedtaket i PLA er det framsett påstand om inhabilitet for plan- og utbyggingssjef Steinar Belsby, som var sakshandsamar for saka i planutvalet. Bakgrunnen for dette er i følgje brevet til kontrollutvalet at "saksbehandlar er same person som på vegner av Stranda kommune søkte dispensasjon i denne saka og sendte høyringar til fylkesmannen, Kystverket, osv". I brevet blir det også vist til oppmodinga frå Kystverket til kommunen om å vurdere sitt mynde ettersom kommunen også opptrer som søkjar.

Kontrollutvalet er samd i at før det vart rydda opp i samanblandinga av roller, var plansjefen og kommunen inhabil i ein søknadsprosess om dispensasjon. Til møtet i PLA 20.03.2013 var det mange manglar ved saka, som kvalifiserte til utsetting, men det var avklart at kommunen ikkje var tiltakshavar. Det går ikkje fram av protokollen for møtet at det vart reist spørsmål om habilitet overfor plansjef. Regelverket er også slik at etter forvaltningslova § 8 er det tenestemannen sjølv som avgjer om han er inhabil (i motsetning til folkevalde). Dersom ein part krev det eller tenestemannen sjølv finn grunn for det, skal spørsmålet leggjast fram for næraste overordna til avgjerd.

Det er ikkje opplyst at det kan vere tale om personlege interessar i forhold til tiltakshavar. Det kan også vurderast om feilvurderinga av kven som var dispensasjonssøkjjar er eigna til å svekke tilliten til at plansjefen opptre upartisk (fv1. § 6 andre ledd). Kontrollutvalet kan ikkje så at så er tilfelle.

I brevet til kontrollutvalet kan vi ikkje sjå at det er gitt nærare grunnar for inhabilitet i forhold til lovens krav.

Jamvel om kontrollutvalet meiner at det i denne konkrete saka ikkje er tale om formell inhabilitet etter lovens krav, bør det vere ein god regel for ettertida å unngå rolleblanding, m. a ved å unngå at tenestemenn blir for sterkt involvert i prosjekt som han eller ho skal saksutgreie for vedtak i kommunale organ.

10.0 Godkjenning av avtale i kommunestyret

Hovudregelen er som det går fram av punkt 7.0 ovanfor, at ein avtale som kjem inn under normalkompetansen til eit kommunalt føretak ikkje treng godkjenning i kommunestyret.

I avtaleteksten i den signerte avtalen med SeaWalk Geiranger AS er det teke atterhald om kommunestyrets godkjenning ”dersom det er nødvendig”. Styret i STHA har i styremøte 09.04.13 vedtatt å legge avtalen fram for godkjenning i kommunestyret.

Styret har med dette avskore vidare debatt om vedtak i kommunestyret er nødvendig eller ikkje. Styret har i prosessen vore usikre på eigen mynde, og ut frå den debatt og offentlege interesse saka har medført, meiner kontrollutvalet at styrets vedtak om behandling i kommunestyret er rett.

I saksutgreiinga frå STHA til kommunestyret er det vidare gitt supplerande opplysingar som gjer at saka er betre opplyst for politisk aksept. Det vil etter kontrollutvalets vurdering styrke Seawalk-prosjektet at avtalen mellom partane er forankra i ei godkjenning i kommunestyret.

Kontrollutvalet vil ikkje utelukke at dersom ein finn det nødvendig, vil også andre forhold i saka kunne bli undersøkt.

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

Vedtak:

Saksutgreiinga ovanfor utgjer kontrollutvalet sin uttale om saksbehandlninga jf. brev frå kommunestyremedlemmane Frank Sve, Dag Braseth og Ole Jørgen Sve av 25.03.2013.

Harald Rogne
dagleg leiar

Til Stranda kommune

Stranda 25/3-2013

Kontrollutvalet

v/leiar Inge Gjærde.

Kopi til:

Formannskap

Kommunestyret

Ordfører.

Saksbehandling og behandlingsrutiner for Seawalk prosjektet i Geiranger.

I formannskapet den 18/3-2013, fekk politikarane ei orientering frå styreleiaren i Hamnestyret Per Erik Dalen, ang Seawalk prosjektet i Geiranger.

I denne orienteringa kom det klart fram at Stranda Havnevesen KF ikkje på nokon måte hadde verken utlegg eller risiko eller anna befatning med prosjektet. Dei var ikkje utbyggar eller søkar, dette var det eit aksjeselskap frå Geiranger som skulle står for. Hamnevesenet hadde inngått kontrakt i ei eller anna form med selskapet geiranger Seawalk as, som vist nok skulle gje dei utbytte av investeringane, og dette kom ikkje til å koste noko for Hamnevesenet. Dei hadde nytta kommuneadvokaten i dette arbeidet, så alt skulle vere i orden, vart det hevda.

Seinare i møtet vart vi orientert frå Steinar Belsby, om at «Stranda kommune» hadde søkt dispensasjon frå reguleringsplanen i Geiranger, og at denne dispensasjonsbehandlinga måtte foregå i Stordal kommune, på grunn av habilitet. Denne saka skulle behandlast i Stordal kommunestyre den 20/3-2013. Det var sendt ut frå Steinar Belsby, høyring til dei han meinte var berørte partar, slik som Kystverk, Fylkesmann, Statens vegvesen osv, men inga nabovarsel slik plan og bygningslova §19 beskriver.

Etter spørsmål om kven som var Stranda kommune, kom det fram at administrasjonen sjølv hadde teke seg til rette og søkt på vegner av kommunen, utan at eit einaste politisk organ i Stranda kommune hadde gjeve dei løyve til dette, eller hadde gjort vedtak om at Stranda

kommune skulle stå som søker om dispensasjonen frå reguleringsplanen. Ikkje eit einaste politisk organ i Stranda kommune, hadde altså bestemt gjennom saksbehandling og vedtak, at Stranda kommune skulle ha ei slik rolle, som søkar for dispensasjon i denne saka.

Ein slik framgangsmåte er unik i politisk målestokk i kommunen. Her ville administrasjonen sette heile det politiske miljøet i Stranda ut av spelet, og gjere dei inhabile, utan at dette på nokon som helst måte hadde vore til politisk behandling på førehand.

Det tok ikkje lang tid å avklare at her var det meste brote, og at dette vart stoppa umiddelbart, så vart også gjort etter drøftingar i formannskapet.

Det vart her avtalt at ein burde få til eit ekstra formannskapsmøte så raskt som råd, for å kunne få denne saka på rette spor. Det er ingen tvil om at administrasjonen ikkje hadde verken fullmakt eller politisk vedtak i ryggen for å agere kommunestyre eller ordførar i denne saka.

Seinare denne dagen, dvs mandag 18/3, og påfølgande dag var vi i kontakt med rådmannen, som ikkje viste noko ikring denne saka, dette hadde Steinar Belsby styrt med aleine. Merkeleg når vi veit at alle vedtak i Stranda Hamnevesen KF skal føreleggast rådmannen. Svein Lunde vart og kontakta som er leiar i PLA, heller ikkje han hadde informasjon eller var informert ang saka. Så kontakta vi ordførar, heller ikkje han hadde informasjon ikring dette.

Når vi etter møtet ser nærmare på saka, kjem det klart fram følgande:

- Stranda kommune skal overhode ikkje bygge noko Seawalk i Geiranger.
- Kvifor skal då Stranda kommunen søke dispensasjon?
- Formelt er det Stranda kommune ved PLA som behandlar slike søknadar på vegner av Kommunestyret i Stranda, dei hadde ikkje behandla noko sak ang dette på dette tidspunktet.
- Det er utbyggerane, dvs aksjeselskapet i Geiranger som utbygger, som i så fall må søke som dispensasjon.
- Stranda kommune er reguleringsmyndigheit og skal behandle ein slik søknad.

Vi tar kontakt med ordførar og rådmann, der ein raskt vert samd om at formannskapsmøtet vert avlyst, og at denne saka må tilbake til start og startast opp på vanleg måte gjennom søknad jamf plan og bygningslova § 19, frå utbyggerane. Ei slik behandling skal behandlast i Stranda kommune ved PLA. Ei klar forutsetning for dette vert då sjølv sagt at utbyggerane sender ut nabovarsel etter lovverket i § 21,3 og gjer dette før søknaden vert sendt til kommunen. Ein slik søknad skal også vere grunngjeven.

Vi har ikkje meir en lagt på tlf røret, før alt vi hadde snakka om såg ut til å vere gløymd frå ordførar og rådmann,,,

Så får vi same kvelden den 19/3, informasjon om at PLA er haste innkalla til ekstramøte den 20/3, kl 1800. Innkallingsregelverket for PLA er 5 dagar som elles i dei kommunale politiske organa. Saka som vert sendt ut er mildt sagt mangelfull, og innkallingstida er alt anna en etter saksbehandlingsreglane i kommunen, og for utvalet.

- I saksutgreiinga til rådmann og frå saksbehandlar Steinar Belsby, vert det bekrefta at det har vore Stranda kommune som har stått som søkar så langt, og Steinar Belsby har gjennomført dette.
- Stranda kommune har søkt dispensasjon og innhenta uttale frå fleire statlege instansar, jamf vedlegg til saka.
- I nye opplysningar i saksutgreiinga til møtet den 20/3, står det no at det er Geiranger Seawalk as som er søkar for dispensasjonen.
- **Her er ingen søknad om dispensasjon vedlagt frå utbygger.**
- Ein søknad om dispensasjon skal vere grunnlagt og vere grunnlaget for ei saksbehandling.
- Ein søknad frå utbygger kan kun sendast inn, ETTER at søkar har sendt ut nabovarsel til alle partar, med 14 dagars frist. Dette skal vere gjort før ein kan søke og før kommunen kan behandle slike søknadar. Dette er ikkje lagt ved saka.
- Her er ingen dokumentasjon frå selskapet Geiranger Seawalk as, om kven dei er, kva dei driver med, opplysningar om selskapet osv.
- Ein søknad skal vere begrunna, og saka som er søkt dispensert skal ikkje vere av ein slik art, at dette går vesentleg utover lovteksten i reguleringsplanen.
- Når det i reguleringsplanen står at det ikkje kan leggest ut flytebrygger i området, kva er då Seawalk? Og er ikkje dette vesentleg ut over lovteksten i reguleringsføresegna?
- **Det er heller ikkje anledning til å dispensere frå saksbehandlingsreglar i slike saker.**
- På kva grunnlag er saka til administrasjonen utarbeidd på?, når det ikkje finnast ein søknad frå Geiranger Seawalk as?
- **Og på kva grunnlag kan eit fleirtal i PLA på 5 medlemmar med leiar Svein Lunde i spissen, finne på å vedta å gje dispensasjon til eit selskap som ikkje har søkt, her finnest ikkje eit ord om selskapet eller anna relevant informasjon.**

Dette betyr, at denne saka overhode ikkje stettar rett sakshandsaming, og måtte såleis utsettast, og behandlast i tråd med plan og bygningslova, og reglement for utvalet.

To av representantane i PLA godtok ikkje innkallinga på under eit døgn, såleis kunne formelt heller ikkje møtet fortsette, men dette brydde ikkje fleirtalet i utvalet seg om. Dei gjennomførte vedtak.

Det er også ingen tvil etter vårt syn, om at saksbehandlaren Steinar Belsby er inhabil til å vere saksbehandlar i saka som vart behandla den 20/3-2013 i PLA.

I brevet frå Kystverket datert 14/3-2013, er det på side to anmerka at «sitat»:

- **Når det gjeld mynde i samsvar med PBL § 19.4, så er dette tillagt kommunen. Vi ber kommunen vurdere sitt mynde sett i relasjon til at dei også opptrer som søkjar til dispensasjonen, sitat slutt.**

Dette forholdet er overhode ikkje nevnt i saka frå Rådmannen og saksbehandlar Steinar Belsby i sak 029/13 til PLA møtet den 20/3-2013.

Saksbehandlar i denne saka, er Steinar Belsby, som også er fungerande søkjar om dispensasjonen på vegner av Stranda kommune, som Kystverket heilt korrekt har anmerka.

- **Steinar Belsby er utan tvil inhabil til å behandle ei slik sak i Stranda kommune.**

I Sunnmøringen den 20/3, kan vi lese at Ordføraren seier at det er Stranda Havnevesen KF som skal stå for dispensasjonssøknaden, og aksjeselskapet for utbygginga. Dette er ikkje i tråd med det som styreformannen informerte om i formannskapsmøtet den 18/3, der Havnevesenet ikkje skulle ha slike roller av noko slag. Det kom og fram etter å ha snakka med styremedlem i Stranda Hamnevesen KF, at det ikkje har vore til behandla noko sak om Stranda Hamnevesen KF skulle inneha rolla som dispensasjonssøkar for dette tiltaket.

Som vedlegg til saka som vart utsendt på e-post seint tirsdag 19/3-2013, til møtet i PLA den 20/3-2013, ligg det vedlagt ein søknad om dispensasjon frå Hammerø og Storvik prosjekt as. Denne søknaden er datert 27/2-2013. I denne søkaden er det kun henvist til Stranda Hamnevesen KF, noko anna selskap eller utbyggarselskap frå Geiranger, er ikkje nevnt med eit einaste ord. I søknaden vert det også henvist til pressemeldinga frå styreleiar i Stranda hamnevesen KF. *Dette og fleire dokument er heller ikkje stempla inn i kommunen, og kvar kjem i såfall desse dokumenta frå??*

Dette er heller ikkje i tråd eller i samsvar med den informasjon Styreleiaren i Stranda Hamnevesen KF informerte formannskapet om.

Enda meir merkeleg vert det, når det i saksutgreiinga til møtet den 20/3 plutselig er eit selskap som heiter Geiranger Seawalk as, som er søkar, skriv saksbehandlaren i saksutgreiinga.

Vi har såleis den delikate situasjonen som følger:

- Den 27/2-2013, søker Hammerø og Storvik prosjekter as om dispensasjon, uklar på vegner av kven, men det kan ikkje tolkast på anna måte en at søkaren her er Stranda Hamnevesen KF. Det vert her også vist til ei pressemelding frå styreformannen i Stranda Havnevesen KF i søknaden. Den ligger vedlagt. Ingen av desse dokumenta er stempla inn i kommune som motteke.
- Den 28/2, søker Stranda kommune om dispensasjonen. Dette vises klart i dei høyrings svara som har kome tilbake, og er klart dokumentert.

- Så kjem det i saksutgreiinga at søkaren er selskapet Geiranger Seawalk as, jamf saksutgreiinga.

Dette betyr i realiteten at det her er heile tre søkarar som i realiteten her vist til.

- **Stranda Hamnevesen KF, jamf søknad frå Hammerø og Storvik prosjekter as**
- **Stranda kommune, jamf at dei faktisk står som søkar formelt både til kystverket , fylkesmann, Statens vegvesen osv.**
- **Geiranger seawalk as, jamf saksutgreiinga.**

Denne saka er ikkje anna enn eit gedigent «rot», her er det meste som kan gå galt, gått galt.

- Mandag 18/3, vart det orientert frå administrasjonen i kommunen v/Steinar Belsby, at Stranda kommune var søkar for dispensasjonen, og saka skulle behandlast i Stordal kommune onsdag den 20/3-2013. Steinar Belsby har stått for søknaden på vegner av kommunen.
- Etter formannskapsmøtet den 18/3 vart dette stoppa, og ekstraordinært formannskapsmøte vart innkalla til tirsdag 19/3-2013 kl 1500.
- Seinare den 18/3, vart dette formannskapsmøtet avlyst.
- Seinare den 19/3, vart det hasteinnkalla til møte i det faste planutvalet PLA, til møte den 20/3-2013, kl 1800.
- Her er saksbehandlar til dette møtet også Steinar Belsby, som også har vore søkar for dispensasjonen som både Fylkesmannen, Kystverket og Statens vegvesen og Fjord 1 har behandla, som no ligg ved saksutgreiinga til møtet i Stranda Kommune ved PLA den 20/3-2013.
- Kystverket har gjeve melding til Stranda kommune i brev av 14/3-2013, der dei ber kommunen vurdere sitt mynde i saka jamf PBL § 19.4, då Stranda kommune opptreer som søkar.
- Møtet i PLA vert sett og vedtak fatta, sjølv om to faste medlemmar ikke godtek dette. Dei to stemde imot godkjenning av innkallinga med bakgrunn av ei innkallinga på ein dag, manglande saksdokument og oppfølging av lovverket i PBL § 19 og brot på reglement vedteke av kommunestyret.

Vi ber kontrollutvalet sjå på saksbehandlinga i denne saka, då det her ser ut til at det meste som kan gå galt, også har gått galt, men og at det her er saksbehandling frå administrasjonen som er sett i verk utan nødvendige politiske vedtak. Administrasjonen har her i realiteten sett ut av spel, heile det politiske system i kommunen, og opptreer som både ordførar og kommunestyre etter det vi kan sjå. Enda verre vert det når saksbehandlar opptreer både som søkar og saksbehandlar. Vi ber kontrollutvalet også avklare habilitetsutfordringa i denne saka.

Oppsummert:

- Saksbehandlar er etter vårt syn inhabil til å behandle ei slik sak i Stranda kommune.
- Det er her aldeles uklart kven som i realiteten er søker om dispensasjon.
- Det føreligg ikkje dispensasjonssøknad frå selskapet Geiranger seawalk as, heller ikkje anna informasjon ikring dette selskapet osv.
- Innkallingsreglane jamf reglement for utvalte PLA i Stranda kommune er brote, og møtet vart såleis ikkje lovleg sett.

Reglementet til utval oppretta av kommunestyret er gjeldande, og kan ikkje endrast eller tilsidesettast av utvalet sjølv. Dette er det kun kommunestyret som kan gjere.

Det er rimeleg klart at eit utval må følge dei saksbehandlingsreglane som kommunestyret har fastsett for utvalet, og det er såleis med bakgrunn i mindre en ein dags varsel på dette møtet si innkalling, nok at ein fast representant ikkje godkjenner innkallinga.

Elles forstår vi egentlig ikkje i det heile, kvifor Stranda kommune har vikla seg inn i denne saka på denne måten. Den 27/2-2013, søkte Hammerø og Storvik Prosjekter as om dispensasjon, på vegner av slik det kan sjå ut Stranda Hamnevesen KF. Det vert då rimeleg spesielt at saksbehandlere i saksutgreiinga til møtet skriv sitat:

« Stranda kommune skulle innhente uttale frå dei som har uttalerett og mynde i innsigelse i slike saker. Då det på det tidspunktet ikkje førelå søknad, vart det lagt ved ein kortfatta søknad. Sitat slutt»

Problemet her er berre at denne søknaden jamf til dømes Kystverket, er datert frå kommunen 28/3, dvs så hadde ein faktisk ein søknad på bordet, før kommunen søkte. Kvifor kommunen søker og setter til side søknaden frå Hammerø og Storvik prosjekter as, er rimeleg utruleg.

Vi ber kontrollutvalet behandle denne saka så raskt som råd, då denne saka alt er gjennomført vedtak i, der eit fleirtal i PLA har gjeve dispensasjon i saka, og byggeløyver kan såleis verte gjeve på feilaktig grunnlag.

Saka har så mange juridiske sider, der Stranda kommune har vikla seg inn ei ei sak på ein heilt utruleg dårleg måte.

I påvente av saksbehandlingen i kontrollutvalet, vert vedtaket gjennomført i PLA den 20/3-2013 i sak 029/13, klaga inn til fylkesmannen etter § 59 i kommunelova. Fylkesmannen er også direkte bedden om å stoppe saksområdet sin vidare løyvebehandling osv, inn til klagen er behandla.

Helsing

Kommunestyrerepresentantar for FrP

Frank Sve

Dag Braseth

Ole Jørgen Sve

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saknr
FAST UTVAL FOR PLANSAKER	14.03.2013	019/13
FAST UTVAL FOR PLANSAKER	20.03.2013	029/13

Saksansvarleg: Konstituert rådmann Kjartan Lied		
Saksbehandlar: Steinar Belsby	Arkiv: K2-L12	Arkivsaknr 13/297

SeaWalk Geiranger - Dispensasjon frå reg.plan

RÅDMANNEN SI TILRÅDING TIL PLA:

1. Stranda kommune gjev varig dispensasjon frå reguleringsplanen for Geiranger sentrum for utlegging av SeaWalk i tilknytning til eksisterande ilandstignings arrangement i Geiranger.
2. Vedtak er gjort i medhald av PBL § 19 – 2
3. Føresetnad for vedtak er at det ikkje er innsigelse frå myndigheite med denne mynde.

14.03.2013 FAST UTVAL FOR PLANSAKER

PLA-019/13:

Saka trekt.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

SeaWalk Geiranger AS ynskjer å legge ut SeaWalk i Geiranger. Dette er ein flytande landgang som kan manøvrere seg sjølv, og som kan leggest inntil båtar, der passasjerar kan gå direkte frå båten til land. For å kunne få dette til, må der vere dispensasjon frå reguleringsplanen for Geiranger sentrum.

Saksopplysningar

Frå SeaWalk Geiranger AS har plan om å legge ut SeaWalk i Geiranger.

Denne skal som utgangspunkt festast i eksisterande ilandstignings anlegg i Geiranger.

I reguleringsplanen for Geiranger sentrum står der at det ikkje er tillate med utstikkande einingar (flytebrygger) i dette området. Ein viser her til punkt 9.1 i reguleringsføresegner til planen.

Stranda kommune har send denne saka på høyring til partar som kan ha eller som kan bli berørt av utlegging av SeaWalk. I tillegg til søknad om dispensasjon, er der også søknad om godkjenning av prosjekt som har gått til kystverket, der ein også har hatt møte. I dette møtet deltok også representantar frå Statens Vegvesen.

Vurdering

I utgangspunktet så er ein SeaWalk ei flytande innretning, på lag som ei flytebrygge.

Slik denne fungerer, er den motorisert, slik at den kan leggest saman, slik at det ser ut som tre deler som ligg samanbretta når den ikkje er i bruk.

Når den skal nyttast som landgang for cruisepassasjerar som skal til/frå båten, er den utstyrt med propellar som kan manøvrere denne i posisjon. Denne vil då legge seg inntil skutesida og fungere som landgang mellom skipet og land.

Fordelen med denne innretning, er naturlegvis at det vert færre tenderbåtar på sjøen og dermed mindre støy og eksos frå desse båtane. Ein vil då også kunne få ein meir fordelt trafikk til/frå skipet då dei kan gå i land etter behov.

Når så skipet skal forlate Geiranger, kan denne så foldast saman og leggest parallelt med ferjekai i Geiranger. Mot land vert der kun ein støttefunksjon for systemet.

Som nemnd ovanfor, er der i reguleringsføresegner forbod mot utstikkande flytebrygger. Slik ein oppfattar situasjonen i Geiranger, vil ikkje dette bli oppfatta som ein flytebrygge, men som ei innretning som er eit supplement til dagens ilandstignings arrangement. Dette vil også ha stor miljømessig betydning, då ein reduserer både støy og eksos frå tenderbåtar. Ein vil også ha ein redusert fare på sjøen reint trafikalt, då ein reduserer med tenderbåtar frå eitt cruiseskip i Geiranger.

Der er ein del andre moment som også skal vurderast, blant anna sikkerheit, ankringsforhold m.m. Desse kjem inn i godkjenningsprosedyre.

Slik Stranda kommune ser dette, og med dei moment som ein har fått innspel på, ser ein det slik at det vil vere positivt for Geiranger at dette tilbodet kan la seg realisere.

Ein ser heller ikkje noko særlege innvendingar om at ein dispenserer frå reguleringsplanen for Geiranger sentrum.

Ein vil derfor rå til at det vert gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen sine føresegner i paragraf 9.1 der det vert gjeve løyve til SeaWalk i Geiranger.

Vedtak er gjort med heimel i PBL § 19.2.

NB: Framlegg til vedtak er gjort under føresetnad av at det ikkje kjem merknader til søknaden.

NYE OPPLYSNINGAR I SAK TIL PLA 20.03.13.

Rådmannen si innstilling til PLA til møte den 20.03.2013.

1. Stranda kommune gjev varig dispensasjon frå reguleringsføresegnene til reguleringsplanen for Geiranger sentrum for utlegging av SeaWalk i tilknytning til eksisterande ilandstignings arrangement i Geiranger.
2. Vedtak er gjort i medhald av PBL § 19 – 2

20.03.2013 FAST UTVAL FOR PLANSAKER

PLA-029/13 Vedtak samrøystes:

1. Stranda kommune gjev mellombels dispensasjon frå reguleringsføresegnene til reguleringsplanen for Geiranger sentrum for utlegging av SeaWalk i tilknytning til eksisterande ilandstigningsarrangement i Geiranger.
2. Dispensasjon er gjeven for 4 år
3. Vedtak er gjort i medhald av PBL § 19 – 2

FRAMLEGG UNDER MØTET:

Framlegg frå FRP v/Torill Ansnes:

Saka utsett:

Framlegget fekk 1 røyst

Omforeint framlegg:

